

Saksbehandlar: Lars Grøteide, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 14/2471-2

## **EM i vektløfting 2016 - Søknad om støtte til TV-produksjon.**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek sikte på å støtte TV-produksjonen knytt til eit Europameisterskap i vektløfting i 2016 i Førde/Naustdal med inntil 500.000 kr. Ein vil ta stilling til endeleg løyving i budsjettet for 2015 og ev. 2016.
2. Det er ein føresetnad at arrangørkommunane og næringslivet yter tilsvarande tilskot til TV-produksjonen.
3. Arrangøren kan ikkje pårekne anna støtte frå fylkeskommunen til same arrangement.
4. Fylkeskommunen legg til grunn at fylkeskommunal logo/namn får ei merksemd som står i rimeleg forhold til den støtta som vert gjeven.

### Vedlegg:

1. Søknad om støtte til Europameisterskapen i vektløfting 2016 i Førde og Naustdal, motteken pr. e-post fredag 21. mars 2014

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Det Europeiske vektløftarforbundet (EWF) avgjorde i september 2013 at Europameisterskapen (EM) i vektløfting 2016 skulle tildelast Noreg. Hovudansvarleg er Norges Vektløftarforbund (NVF). Tambarskjelvar Idrettslag vil vere teknisk ansvarleg og skal arrangere tevlinga. Førde og Naustdal vert vertskommunar for arrangementet.

I vedtaket til EWF er det ein klausul som krev at før endeleg avtale vert inngått mellom EWF og NVF, må det dokumenterast at arrangøren har avtale som sikrar ein TV-produksjon som kan nyttast av Eurosport i 55 land i Europa. Søkjar/arrangør estimerer at ein slik TV-produksjon kostar 2,8 mill. kr. Søkjar/arrangør har vore i drøftingar med ulike produksjonsselskap og har ei von om at deira kostnadar med produksjonen vert mellom 1,0 og 1,5 mill. kr.

Hovudkomiteen EM 2016, nedsett av Norges Vektløftarforbund og Tambarskjelvar Idrettslag, søker fylkeskommunen om eit tilskot på 1,5 mill. kr til finansiering av TV-produksjonen.

Dei samla kostnadane ved heile arrangementet er sett til om lag 7 mill. kr. Søkjar er i dialog med vertskommunane og Norges Vektløftarforbund om økonomisk støtte. Det er også budsjettet med 1,5 mill. kr i sponsorinntekter. Det er ikkje lagt ved budsjett ut over dei tala som kjem fram i søknaden.

Leiar i hovudkomiteen m.fl. orienterte fylkesutvalet om EM i vektløfting i møtet 26. februar 2014.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Det er eit mål i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014- 2017 at det vert arrangert 10 nasjonale eller internasjonale meisterskap i planperioden. Det er og eit mål at fylkeskommunen gir økonomisk støtte til nasjonale og internasjonale meisterskap. I handlingsprogram heiter det at det i 2014 skal utarbeidast retningslinjer for støtte til større arrangement.

Eit arrangement av dette omfanget kan ha mange effektar for fylket vårt. Det vil gje oss ei viss marknadsføring både gjennom dei som vitjar fylket og dei som vil sjå på TV-sendingar frå meisterskapen. Arrangementet vil og gje innbyggjarane i fylket eit attraktivt idrettstilbod som tilskodar. Det kan gje grunnlag for auka rekruttering til ein av dei mindre idrettane i fylket vårt.

Tala som er nytta i søknaden viser at eit slikt arrangement kan generere ein betydeleg aktivitet og omsetnad for det lokale næringslivet. Det er ut frå dette ikkje unaturleg å tenkje at dersom fylkeskommunen skal vere med å støtte ein slik TV-produksjon, så bør også næringslivet og arrangørkommunane bidra på same nivå.

I fylkesutvalet sitt møte 26. februar vart søkjar oppmoda om å levere søknaden slik at denne kunne leggast fram for hovudutval for kultur i deira møte 19. mars. Dette vart ikkje følgt opp. Sidan den endelege avgjerda til EWF skal gjerast 3. april, ber søkjar om eit svar innan 2. april. Saka vert difor lagt fram direkte for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen opplever at søknadssummen er høgare enn det ein fekk inntrykk av ved presentasjonen i fylkesutvalet i februar, sjølv om det då ikkje vart nemnd konkrete beløp.

Søknaden er avgrensa til TV-produksjonen. Fylkesrådmannen rådde i telefonsamtale 20. mars leiar av hovudkomiteen til å søkje fleire om produksjonsstøtte. Slik vi oppfattar søknaden, er det likevel berre fylkeskommunen som har motteken slik søknad.

Søknadssummen tilsvarar det samla beløpet arrangøren reknar med at ein slik produksjon vil koste dei. Fylkesrådmannen meiner forventningane til fylkeskommunen vert for store, og det svekkjer søknaden at forventningane om økonomisk støtte berre er retta inn mot ein aktør.

Fylkesutvalet disponerer ikkje eigne budsjettmidlar utover dei som ligg på FU sin eigen konto. Og her kan ein berre disponere midlar for budsjettåret 2014. Pr. dato er det til disposisjon på denne kontoen 0,4 mill.kr, og det før ein har løyvd ev. midlar til TV-aksjonen (oktober) og til Kirkens SOS (søknad 2.104).

Søkjar ber om midlar i 2015/16, med svar no. Det er, jf. våre eige budsjettreglement, vanskeleg å forplikte fylkeskommunen slik søkjar ber om. Fylkesrådmannen legg difor opp til at FU gjer eit intensjonsvedtak no, med tanke på vurdering og oppfølging i arbeidet med budsjettet for 2015 mv. Eg legg vidare til grunn at andre sentrale aktørar bidrar tilsvarande. Jf. tilrådinga.

Under føresetnad av at fylkesutvalet gjer vedtak i samsvar med tilrådinga, bør den samla fylkeskommunale støtta til arrangementet avgrense seg til dette vedtaket.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner det det er viktig å støtte opp om idrettslag og arrangørar som tek på seg store arrangement. Det er eit viktig bidrag til idretts- og kulturlivet i fylket. Det gjev oss og ei viss marknadsføring og gjev inncome til private aktørar innan reiselivet, transport og handel. Jf. tilråding til vedtak. Det må vere ein føresetnad at både vertskommunar og næringslivet deltek med støtte på minst same nivå. Det bør vidare vere ein føresetnad at fylkeskommunen som tilskotsytar får høve til å syne att i marknadsføringa av arrangementet og på arrangørstaden.